

Lindås kommune
Byggesak
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Vår referanse: 3616-B05_2
Bergen, 19.04.2017

**MAJO EIGEDOM AS.
ERSTAD. STØLSHAUGANE BUSTADFELT. GNR 141 BNR 1,3 MFL. VEG,
VATN OG AVLAUPSANLEGG. SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK.**

På vegne av tiltakshavar Majo Eigedom AS søker vi om løyve til tiltak for opparbeiding av teknisk infrastruktur som veg-, vann- og avløpsanlegg på eigedom gnr 141 bnr 1,3 mfl. Tiltaket skal byggjast i samsvar med reguleringsplan 1263-201302 – Stølshaugane.

Tiltaket omfattar bygging av:

- Veg KV02 (Erstadvegen), med fortau
- Veg KV03, med fortau og snuhammar
- Veg KV04, med snuhammar
- Gangveg GV6
- Utbetring av avkøyrser V1 og V2 til Erstadvegen nr. 1 og 20-40
- Planering av areal for kommunalteknisk anlegg
- Overvassystem for veger
- Vann- og avlaupsanlegg for bustadfeltet, samt tilkopling til kommunalt vann- og avlaupsnett
- Etablering av slamavskiljar
- Etablering av pumpestasjonar på bustadtomtene BE11-BE14 for å pumpe spillvatn til sjølvfallsleidning i veg KV03

For å sikra god brannvassdekning skal det etablerast sløkkevatnuttak i vasskum V1 og V2. Det vil då vera om lag 100 meter frå kvar bustad til næraste brannvassuttak.

Leidningsstrekke frå tilkoplingspunkt kommunalt nett til kum V2 og kum S14 er tenkt overtatt av kommunen til drift og vedlikehald.

I Kvamsvågen blir ny utsleppsleidning frå bustadfeltet knyta til kommunal utsleppsleidning i sjø. Dette vil skje på grunn sjø ikkje langt frå land. Tiltaket vil ikkje føre til store endringar i forhold til dagens situasjon. Vi har difor vurdert det som ikkje naudsynt å søkje om løyve for tiltaket hos Bergen og Omland Havnevesen.

Utsleppsleidningen til sjø skal leggjast i ny gangveg til friluftsområde som Lindås kommune skal opparbeida.

I alt er 32 naboar varsla om tiltaket, og innan utlaup på frist har me motteke to merknadar. Disse er vedlagt og kommentert i eigene vedlegg til søknaden.

Fullmakt til å signere søknadsskjema på vegne av tiltakshavar er vedlagt.

Me vonar ein positiv sakshandsaming.

Med venleg helsing



Belinda Nesbjørg

Vedlegg:

Søknad om løyve til tiltak

Fullmakt signering

Teikningar i følge teikningsliste

Kopi av brev og vedlegg:

Majo Eigedom AS v/Magnus Helgesen